

## Søknad om innføring i manntalet

For å kunne stemme ved valet må du vere innført i manntalet. Norske statsborgarar som er busette i utlandet, og som ikkje har vore registrerte i folkeregisteret som busette i Noreg ein eller annan gong dei siste ti åra før valdagen, må søkje om å bli innførte i manntalet for å kunne stemme ved valet.

Søknadsskjema om slik innføring er trykt på omslagskonvolutten som ein bruker ved førehandsstemming utanriks, på Svalbard og på Jan Mayen. Søknaden kan også sendast per brev. Du kan bruke skjemaet nedanfor om du vil. Men vil du heller skrive eit vanleg brev, må du hugse på å få med dei opplysningane det blir spurt om i skjemaet.

Søknaden må ha komme inn til valstyret i den kommunen du sist var registrert som busett i Noreg, innan dagen etter valdagen **12. september 2023 kl. 17.00**.

Har du vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg nokon gong i løpet av dei siste 10 åra før valdagen, blir du automatisk innført i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Noreg.

<b>Søknad frå norsk statsborgar i utlandet om innføring i manntalet</b>	
Til valstyret i	..... kommune
Underteikna stemmeføre norske statsborgar søkjer med dette om å bli innført i manntalet for kommunen ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023.	
Fullt namn (og eventuelt tidlegare namn):	.....
Fødselsnummer (11 siffer):	.....
Eg har tidlegare stått innført i norsk folkeregister, siste gong i	.....kommune, inntil ..... (dag, månad, år)
Den nøyaktige adressa mi der var da	.....
Eg forsikrar at eg framleis er norsk statsborgar.	
.....	.....
(dato)	(underskrifta til veljaren)